

Eit legeme

I Josva 6 kan me lesa om at Gud, på uderfult vis, gjev Jeriko til Israelittane. Men han seier at dei ikkje må ta noko bytte. Alt som finns i byen, menneske, dyr og materielle ting skal bannlysast. Alt skal brennast.



Les Josva 7,1 – 8,1

Det kan seiast mykje ut ifrå dette kapittelet. Det eg vil fokusere mest på her er vers 2 – 5. Josva sente menn for å innta byen Ai. Han sente ikkje alle, for speidarane hans sa at dette kom til å verta ein lett sigar. Kvifor gjekk det då galt?

I vers 11 seier Gud kvifor: «Israel har synda...Dei har teke av det bannlyste godset.» Dette er uforståeleg. Det var jo berre Akan som hadde synda, ikkje heile Israelfolket. Det er jo svært urettferdig at heile folket vert straffa for det som ein mann gjorde. Slik tenker det individualistiske mennesket, men slik tenker ikkje Gud. Gud ser på sitt folk som ein einhet, som eit legeme (1. Kor 12,26f). Om ein lem lir, så lir heile legemet. Gud behandlar sitt folk som ein einhet. Jos 7 er eit svært tydeleg eksempel på dette. Dette kapittelet viser og kor fæle konsekvensar synda til Akan fekk: Trettiseks personar omkom i angrepet på Ai. At ein person synda, fekk forferdelige konsekvensar for heile folket.

Dette gjeld og i vår tid. Det er ikkje slik at om ein i menigheten synder, så straffer Gud heile menigheten voldsomt. Me er alle syndarar, og så lenge me lever her på jorda vil me forsette å synda. Det spesielle med Akan si synd, var at han hadde vorte bannlyst (Jos 6,17-18). NT nevner to grupper personar som vert bannlyste: Dei som forkynner eit anna evangelium (Gal 1,8f), og dei som ikkje elsker Herren (1. Kor 16,22). Viss me som menighet ikkje tek eit oppgjær med slike personar i menigheten, vil heile menigheten oppleve motgang frå Gud. Til dømes kan det at menigheten ikkje opplever vekst, vera ein følge av dette. Nokre menneske vil gå sine egne vegar, og fylgja sine egne planer og visjoner. Dermed elsker dei ikkje Gud, men seg sjølv og sine egne evner. Viss slike personar ikkje vert sette på plass, vil Gud la det gå ut over menigheten.

Det er heller ikkje likegyldig korleis me seier ifrå. Ein skal ikkje vera nedsetjande, men visa medynk. Dei er *i utgangspunktet* ikkje vranglærarar, hyklarar eller ugudelige. Dei er sauer som har gått seg vill, og som Gud forsøker å kalle tilbake til flokken sin (Matt 18, 12-17). Medlidenhet er viktig. Søren Kirkegård har sagt at ein ikkje kan vise ekte medlidenhet ovanfor ein annan, før ein har innrømt at det som har hent denne andre, godt kunne hent ein sjølv. Me har ingen garanti for at me sjølve ikkje vil havne ut på villspor ein gong. MEN (kjempe MEN) me har garanti for at Gud, før eller seinare, vil rettleia oss. Anten gjennom sitt ord, eller gjennom andre. (Esek 34, 15f)



1. Var noko av dette vanskeleg å forstå eller tru?
2. Har du vorte rettleia, eller latt vera å høyra på rettleiing nokon gong?
3. Kva konsekvensar kan det få viss ein person i menigheten ikkje vert rettleia?
4. Treng du rettleiing?

Utfordring: Rettled andre slik du sjølv ynskjer å verta rettleia om DU ein gong kjem på avvegar. (Luk 6,31) – Ikkje avvis eller bagataliser når du sjølv vert rettleia.



Bønn:

*Eg ville gjerne eiga ei tru så sterk og stor,
ei tru som kunne synast i gjerning og i ord.
Men når mi tru sig saman og alt mitt eige verk,
då har eg berre Jesus,
og då er trua sterk.*

*Ja, Jesus, lat meg alltid få ha mitt liv i deg!
Ditt liv, di tru, din kjærleik, du gav det alt for meg.
Her i mitt eige hjarta er berre synd og mein,
men ved det verk du gjorde,
er eg fullkommen rein.*